



Solund kommune

Plan for førebyggjande arbeid
for barn og unge
2024-2027



Foto:

Shutterstock

Innhald

Innhald.....	2
1.0 Innleiing	3
1.1 Bakgrunn og mandat for arbeidsgruppa i HAFS.....	3
1.2 Mandat	3
1.3 Mål.....	4
1.4 Målgruppe	4
1.5 Planprosess.....	4
2.0 Kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid	5
3.0 Retning og vegen for å nå målet.....	5
3.1 Tverrfagleg samarbeid og samarbeidsstruktur	6
3.1.1 Lokale rettleiingsteam	7
3.1.2 Tverrfagleg team.....	7
3.1.3 Omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire instansar	8
3.1.4 Konsultasjonsteam	8
3.2 Styrking av tidleg innsats og førebygging	8
3.2.1 Tre nivå for å arbeide førebyggande	9
3.3 Kompetanseheving	10
4.0 Oppfølging av planen.....	11
4.1 Plan for implementering.....	11
4.1.1 Tverrfagleg samarbeid og samarbeidsstruktur.....	11
4.1.2 Styrking av tidleg innsats og førebygging	11
4.1.3 Kompetanseheving	11
5.0 Kjelder.....	11

1.0 Innleiing

Solund skal vere ein god kommune å vekse opp i. Kommunen skal ha eit tenestetilbod med god kvalitet når det gjeld barn og unge sine behov. Denne planen legg vekt på førebyggjande, tidleg innsats og heilskapleg tilbod til innbyggjarane. Dette er også hovudmåla for barn og unge i samfunnsdelen av kommuneplanen. Planen vil vere eit viktig verktøy for å sikre forpliktande og systematisk innsats for å legge til rette for heilskaplege tenester.

Solund kommune sin plan for dette arbeidet byggjer på arbeidet til ei interkommunal arbeidsgruppe i HAFS. Ved å vedta nokolunde likelydande planar, dannar HAFS-kommunane eit felles grunnlag som dermed set retninga for vidare arbeid. HAFS-kommunane har felles barnevernsteneste og felles pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), og eit godt samarbeid er såleis svært viktig

Kravet til at kommunen skal ha ein plan for førebyggjande arbeid er forankra i barnevernslova § 15-1. Kommunestyret skal vedta planen som handlar om å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsvanskar hos barn og unge. Ein slik plan skal bidra til ei overordna forankring av det førebyggjande tilbodet og fordeling av kommunen sine ressursar til dette arbeidet. Kommunen skal ha eit samordna tenestetilbod med god kvalitet til barn, unge og deira familiar.

Lovendringane om samarbeid og koordinering er ei harmonisering av lover frå fire ulike departement. Det syner oss kor breitt samarbeidet må vere, jf. Kap 5.0 i denne planen. Plikten gjeld både på system- og individnivå.

1.1 Bakgrunn og mandat for arbeidsgruppa i HAFS

Denne planen har bakgrunn i barnevernsreforma, som tredde i kraft 01.01.22. Barnevernsreforma gir kommunane større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Det overordna målet i barnevernsreforma er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei har behov for på eit tidleg tidspunkt, og at tilbodet i større grad skal tilpassast lokale forhold.

I følgje barnevernslova § 15-1 har kommunen ansvar for å fremje gode oppvekstvilkår for å førebygge at barn og unge vert utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Måla i reforma vert nådde gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane. Samla sett er barnevernsreforma i realiteten ei oppvekstreform, der kommunen skal legge til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Vidare seier reforma at kommunane skal ta større ansvar og jobbe betre med det førebyggjande arbeidet slik at ein unngår unødvendige, inngripande og kostbare tiltak. [Barnevernsreforma på Bufdir.no](#) Tverrfagleg samhandling og kompetanse hos dei som er i kontakt med barn, unge og deira familiar er naudsynt for å lukkast.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis har ei sentral rolle i plan for førebygging. Kompetanseløftet sikrar at kommunane har naudsynt kompetanse og tverrfagleg samarbeid i «laget rundt barnet» som gjev eit inkluderande læringsmiljø som dekkjer behova for særskilt tilrettelegging hos barn og unge. Det vil seie at alle barn og unge skal utvikle seg, meistre, lære og trivast uavhengig av føresetnader. [Kompetanseløftet på Udir.no](#)

1.2 Mandat

Det interkommunale arbeidet med plan for førebygging tek utgangspunkt i mandat gjeldande frå 01.02.2022. Mandat for planarbeidet er utarbeida av helse- og omsorgsleiarane i dei fire deltakarkommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund, som vart einige om følgjande:

“Arbeidsgruppa får i oppdrag å utarbeide ei plan for eit heilskaplege og tverrfaglege førebyggjande arbeid. Planen skal vedtakast av kommunestyret i kvar einskild kommune.”

1.3 Mål

Formålet med arbeidet er forankra i mandatet. Følgjande mål er sett:

- Få oversikt over alt førebyggjande arbeid som skjer i dei ulike kommunane.
- Finne sårbarheitsfaktorar i systemet som gjev risiko for å ikkje avdekke utvikling av familieproblem som fører til inngripande og kostbare barnevernssaker (ROS-analyse)
- Føreslå tiltak for å betre tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid
- Føreslå tiltak for å redusere risikofaktorar og svikt i det førebyggjande arbeidet
- Ha rutinar og system som kan avdekke familieproblematikk som vil føre til inngripande og kostbare barnevernssaker

1.4 Målgruppe

Målgruppa for planen alle som arbeider med barn, unge og deira familiar i kommunane.

1.5 Planprosess

Representantane frå HAFS-kommunane har sidan våren 2022 samarbeida om ein interkommunal plan som danner grunnlag for vidare arbeid med tidleg innsats og førebygging i tråd med oppvekstreforma. Den interkommunale arbeidsgruppa har hatt jamlege møte. Kvar kommune har i tillegg lokale arbeidsgrupper.

Analyser av kvar kommune si organisering og arbeidsmåtar danner grunnlag for arbeidet med planen. Det er gjennomført [SWOT-analyser](#) i staden for ROS-analyser i kvar kommune. Det er innhenta statistikk frå ulike område, til dømes Ungdata og elevundersøkinga som til saman danner grunnlag for felles tiltak. I følgje Statsforvaltaren treng kommunane ein langsiktig plan og prosessar for å møte krava og forventingar som ligg i lovverket. Skal ein lukkast med intensjonen i reforma, må kvar kommune ha gode og verksame tiltak, det vil seie å styrke fokuset på førebyggjande arbeid, utvikle strukturar for samarbeid og koordinerte tenester.

Plan for førebyggjande arbeid skal vedtakast i kvar kommune. Etter at planen er vedteken startar det konkrete arbeidet.

Den interkommunale arbeidsgruppa har hatt desse medlemmene:

Trine Engebø, helse- og omsorgssjef Hyllestad kommune

Heidi Roos, leiar helsetenestene Fjaler kommune

Kristin R Yndestad, folkehelsekoordinator Fjaler kommune

Ida Cecilie Fugle, utviklingsleiar HAFS oppvekst

Hilde Marit N. Trovåg, leiande helsesjukepleiar Solund kommune

Berit Louise Bjørnsen, leiar PPT

Siv Storøy, leiande helsesjukepleiar Askvoll kommune

Representant frå HAFS interkommunale barnevernsteneste

2.0 Kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid

Med bakgrunn i eksisterande planar, statistikk, SWOT-analyse og tilbakemelding frå BUP, PPT og barnevernstenesta har ein kome fram til at det vidare bør satsast på følgande:

- 1) Tverrfagleg samarbeid og samarbeidsstruktur
- 2) Styrking av tidleg innsats og førebygging
- 3) Kompetanseheving

Kommunen har fleire planar som er relevante i det vidare arbeidet og dei må sjåast i samanheng. Døme på planar er samfunnsdelen i kommuneplanen, plan for psykisk helse og rus og handlingsplan for vald i nære relasjonar.

Kommunane har tilgjengeleg data på korleis barn og unge har det. Døme på kjelder er Folkehelseinstituttet sin folkehelseprofil og oppvekstbarometer. Eit anna døme er Fylkeskommunen og Samhandlingsbarometeret som har gode statistikkbankar med ein del data på kommunenivå. I tillegg har skulane og barnehagane data frå elevundersøkinga og UngData.

Det er gjennomført SWOT-analyse i kvar av HAFS-kommunane kommune. Den viser sterke og svake sider og moglegheiter og truslar knytt til arbeidet med barn og unge.

Data frå HAFS barnevernsteneste, barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) og PPT viser at hovudvekta av tilvisingar er knytt til barn i skulealder. Ein ser ei auke i komplekse saker som krev ressursar frå fleire tenester.

Reforma fører til endringar i arbeidsfordelinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Nye krav fører til at BUP vil avgrense inntak av saker til barn og unge med moderate til alvorlege psykiske vanskar. Det vil igjen føre med seg at kommunane sjølv må ha kompetanse og ressursar til å handtere lette til moderate psykiske vanskar. Når det gjeld tilvising både til PPT, BUP og barnevern er det ein føresetnad at kommunen sjølv gjer kartleggingar og prøver ut tiltak lokalt før tilvising. Dette stiller krav til at kommunane har ressursar, kompetanse og verksame tiltak tilgjengeleg.


3.0 Retning og vegen for å nå målet

Tverrfagleg samarbeid handlar om at yrkesgrupper frå fleire fagområde samarbeider mot eit felles mål. Det vil til ei kvar tid vere barn og unge som har behov for eit samansett tenestetilbod med oppfølging som involverer fleire aktørar i velferdstenestene. For nokon vil dette behovet vere utløyst allereie ved fødsel, og for andre vil det vere eit behov som oppstår undervegs.

Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier (2022) er ein rettleiar som er utarbeida for å styrke oppfølging av utsette barn, unge og deira familier. [«Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier»](#)

Sentrale plikter og rettar i rettleiaren:

- Plikt for velferdstenestene til å samarbeide utan at samarbeidet er knytt til ei enkelt sak (samarbeid på systemnivå)
- Plikt for velferdstenestene til å samarbeide i enkeltsaker (samarbeid på individnivå)
- Samordningsplikt for kommunen
- Rett til barnekoordinator



Figur "Laget rundt barnet" hentet fra [St. Meld. 6](#) (2019-2020) "Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO."

Figuren over viser døme på instansar og fagpersonar som kan jobbe rundt eit barn og ein familie. Skal "laget rundt barnet" fungere må alle dei ulike faginstansane jobbe saman til det beste for barnet og familien. Velferdstenestene skal sørge for at barn og unge som treng det, får rett hjelp til rett tid av rett kompetanse. Dette krev at tenestene jobbar saman for å styrke barna sitt oppvekst- og læringsmiljø. Samstundes er det viktig å involvere føresette og barnet.


Vidare vil det handle om verkemiddel for å nå målet om tverrfagleg samarbeid og samarbeidsstruktur, styrking av tidleg innsats og førebygging og kompetanseheving.

3.1 Tverrfagleg samarbeid og samarbeidsstruktur

For å styrke tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og førebyggjande arbeid skal kommunane ha tre arenaer der ein kan ta opp saker for drøfting.

I planperioden skal det gjerast ei vurdering av «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) som ein samarbeidsmodell som sikrar koordinert innsats ovanfor barn, unge og familiar.

For å sikre at saker blir løyste på lågast mogleg nivå, og at rett kompetanse blir nytta der behovet er, skal det tverrfaglege samarbeidet organiserast etter ein trinnmodell. I planperioden vert det høgt prioritert å utarbeide gode tiltak og naudsynte verktøy for å sikre at alle i Solund kommune som jobbar med barn og unge skal kjenne modellen og vere trygg på korleis dei nyttar han.



3.1.1 Lokale rettleiingsteam

Rettleiingsteamet ligg på nivå 1 i trinnmodellen. skal ha som oppgåve å handsame problemstillingar knytt til barn og unge. Rettleiingsteamet er eit drøftingsteam på lågast nivå og skal vere på kvar skule og barnehage. Teamet og møta vert leia av rektor/styrar i barnehagen og har faste møtepunkt. Det skal som hovudregel vere henta i samtykke før ei sak vert drøfta i rettleiingsteamet. Anonyme drøftingar er vanskeleg i Solund, fordi vi er ein liten kommune med små forhold.

Rettleiingstemaet består av:

- Leiarane og andre aktuelle frå skule og barnehage
- Helsesjukepleiar frå helsestasjon eller skulehelsetenesta
- PPT
- Psykolog

3.1.2 Tverrfagleg team

Tverrfagleg team ligg på nivå 2 i trinnmodellen. Aktuelle deltakarar i tverrfagleg team:

- Representant frå skule/barnehage
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- PPT
- Psykolog
- Legetenesta
- Barnevernstenesta
- BUP
- Barnekoordinator
- Representant frå den som har meldt inn saka

Alt etter tilmelde saker vel ein om andre aktuelle instansar som til dømes psykiatrisk sjukepleiar, fastlege, sosialkonsulent, NAV, politi eller andre skal bli kalla inn ved behov.

3.1.3 Omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire instansar

Nivå 3 i trinnmodellen. I samansette problemstillingar som krev omfattande samarbeid mellom fleire tenester, er det naudsynt å opprette koordinator med bruk av ansvarsgruppe og eventuelt individuell plan (IP). I slike saker vil BUP og/ eller PPT og barnevernstenesta ofte også vere inne. Samhandlinga vert sikra via koordinatorfunksjon med oppretting av individuell plan der Visma Flyt Samspel skal bli brukt som dokumentasjons- samhandlingsverktøy.

3.1.4 Konsultasjonsteam


Konsultasjonsteam er eit samarbeid mellom BUF-etat og Helse Førde BUP. Konsultasjonsteamet er eit lågterskeltilbod for fagpersonar og etatar som arbeider med gravide, småbarnsforeldre og barn 0 –6 år. Det er sett opp faste møte og kommunane melder inn aktuelle saker til drøfting både anonymt og med samtykke. I små kommunar som Solund er det vanskeleg å drøfte saker anonymt. Konsultasjonsteamet er då viktig å nytte seg av.

3.2 Styrking av tidleg innsats og førebygging

Planarbeidet skal sikre at kommunane styrker tidleg innsats og førebygging.

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge>

Figuren nedanfor (frå KS) illustrerer korleis innsatsen skal endrast etter at oppvekstreforma tredde i kraft 01.01.2022.



Tidleg førebyggjande innsats kan settast inn på alle nivå. Kunnskap om risiko og beskyttelse er i stor grad ein føresetnad for å kunne sette inn tiltak tidleg, før problema utviklar seg. Det handlar om førebyggjande arbeid i fritid, oppvekst, helse, barnehage, skule og politi. [Regjeringen.no: Forebyggjande innsats for barn og unge](https://www.regjeringen.no/no/Forebyggjande-innsats-for-barn-og-unge)

Kommunane har med SWOT-analysen starta kartlegging av kva tiltak og metodar kommunane har retta mot tidleg innsats.

3.2.1 Tre nivå for å arbeide førebyggjande

Swot-analysane viser at dei tilsette som jobbar med barn og unge i kommunane i dag manglar felles verktøy og felles kartleggingsrutinar. Kvar sektor/eining som jobbar med barn og unge har sine verktøy og sine rutinar. Dette er med på å komplisere samarbeidet rundt førebygging. Felles konkrete og målretta førebyggjande tiltak og felles verktøy som blir implementerte inn i alle tenester som arbeider med barn og unge vil vere ein stor fordel for det førebyggjande arbeidet.

Prosjektgruppa foreslår at det vert sett i gang eit arbeid med å kartlegge kva tiltak og metodar vi har i dag og kva vi treng å utvikle innan førebyggjande tiltak på dei tre områda skissert under.

3.2.1.1 Universell førebygging (grønt nivå)

Universell førebygging omfattar innsats retta mot heile befolkningsgrupper utan å på førehand ha identifisert individ eller grupper med auka risiko. Læringsmiljø- og antimobbeprogram i barnehage og skule er døme på universell førebygging. Andre døme er tilbod om frukt og grønnt samt god tilrettelegging for fysisk aktivitet. Vidare er [trygghetssirkelen \(COS\)](#) og [Livet og sånn](#) eit døme på opplæringsmateriell som fordrar folkehelse og livsmeistring.

[ICDP](#) er eit foreldrerettleiingsprogram som kommunane skal ha kompetanse på og som har som mål å styrke omsorg og oppvekst for barn og unge. Solund kommune har tilsette med kompetanse på ICDP. Det skal sikrast at kommunen har denne kompetansen i framtida.


[Tidlig Inn](#) er eit opplæringsprogram under grønnt nivå som to av kommunane i HAFS har starta opplæring i. Opplæringa er ferdig sommaren 2023 og skal implementerast i løpet av 2023/2024. Formålet med Tidleg Inn er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk helse og vald gjennom tverrfagleg samarbeid.

3.2.1.2 Selektiv førebygging (gult nivå)

Selektiv førebygging er tiltak retta mot grupper med kjent og/eller høgre risiko for å utvikle problem. Tiltaka her skal motvirke negativ utvikling hos barn og unge og/eller deira foreldre. Gratis kjernetid i barnehagar er døme på selektiv førebygging. Føremålet med det er mellom anna å bidra til økt sosialisering og betre norskkunnskapar for minoritetsspråklege barn. Et annet døme er ulike program for barn og unge i risiko for å utvikle åtferdsvanskar, til dømes Parent Management Training ([PMTO](#)) foreldrerettleiing og [Programserien - De Utrolige Årene \(DUÅ\) \(uit.no\)](#)

3.2.1.3 Indisert førebygging (raudt nivå)

Indisert førebygging er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på problem. Tiltak retta mot ungdom med begynnande rusutfordringar eller tiltak retta mot barn og unge med symptom på psykisk uhelse er døme på indisert førebygging, til dømes Parent Management Training - terapi.



3.3 Kompetanseheving

Den nasjonalfaglege retningslinja for [tidleg oppdaging av utsette barn og unge](#) kjem med sterk anbefaling om at kommuneleinga bør sikre at tilsette som jobbar med barn og unge har generell kunnskap om beskyttelses- og risikofaktorar, og kunne fange opp teikn og signal for å identifisere dei som lever i ein risikosituasjon. Gode arenaer for førebygging er avhengig av vaksne med kompetanse til å observere, forstå det dei ser og handle. Dette medfører evne til å analysere behov, ha kunnskap om kva som verkar og korleis ein kan nå ut til ulike grupper, samt evne til å iverksette tiltak.

- Kommunen skal kartlegge behov for kompetanse for å identifisere åtferdsvanskar og omsorgssvikt og få kunnskap om risiko- og beskyttande faktorar, t.d. kommunikasjon og samtalar med barn, unge og føresette. Ein føresetnad er at alle som jobbar med barn og unge i kommunen har felles rutinar, tiltak og metodar. jf. punkt 3.2.1
- Kommunen skal kartlegge behov for kompetanse på å følgje opp barn i risiko, for å kunnesetje inn rett tiltak til rett tid
- Kommunen må få oversikt over kompetanse i einingane og utarbeide plan for korleis ein oppfyller lovverket (formell kompetanse)
- Auka kompetanse på koordinatorrolla saman med god flyt i ansvarsgruppene har avgjerande betydning for kor velfungerande koordineringa av tenestene blir
- Kompetanseheving i bruk av Visma Flyt samspel vil sikre at ein har eit felles dokumentasjons- og samhandlingsverktøy. Her er det viktig med brukarmedverknad der barn/ungdomar og føresette blir høyrde
- Kommunen må få på plass funksjonen som barnekoordinator
- Kommunen må lage plan for å auke kompetansen koordinatorfunksjonane

4.0 Oppfølging av planen

Den tverrfaglege arbeidsgruppa er i utgangspunktet ferdig med arbeidet sitt når planen er vedteken i kommunane. For å sikre kontinuitet og vidare samarbeid i HAFS-kommunane er det viktig at gruppa består med faste møtepunkt. Like eins må den lokale arbeidsgruppa i Solund halde fram med arbeidet.

4.1 Plan for implementering

4.1.1 Tverrfagleg samarbeid og samarbeidsstruktur

- Tverrfagleg samarbeidsgruppe i HAFS kommunane skal bestå med faste møte framover. PPT, HAFS barnevern, oppvekst og helse skal vere representert i den interkommunale gruppa. Gruppa blir einige om møtestruktur.
- Ein må utarbeide rutinar og malar med mål, ansvar og oppgåver for å sikre samarbeid og systematikk
- Den interkommunal arbeidsgruppa får ansvar for å evaluere dei nye samarbeidsstrukturane våren 2024 og vidare kvart år
- Kommunestyret skal få årleg oppdatering på status for barnevernet (lovpålagt)

4.1.2 Styrking av tidleg innsats og førebygging

- Kartlegge kva behov vi har for tiltak og metodar for å styrke tidleg innsats og førebygging
- Sikre at kommunen har tiltak retta mot heile tiltakspyramiden (grønt, gult og raudt nivå). Bruke [ungsinn.no](https://www.ungsinn.no) aktivt for å sikre at ein går for tiltak som er evidensbasert.

4.1.3 Kompetanseheving

- Planar for kompetanseheving for Helse og omsorg, og Oppvekst må sjåast i samanheng. Den interkommunale arbeidsgruppa har dette med i vidare arbeid.
- Kartlegge kva som finst og søke på midlar for kompetanseheving.

I prosessen med å finne treffsikre og eigna tiltak må kommunen sikre brukarmedverknad der barna/ungdommane og føresette si stemme blir høyrd

5.0 Kjelder

Lov om barnevern (2022). [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=lov%20om%20barnevern%20\(barnevernsloven\)](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=lov%20om%20barnevern%20(barnevernsloven))

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven). Kapittel 7. Individuell plan, koordinator og koordinerende enhet. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30/KAPITTEL_7#%C2%A77-1

Helsedirektoratet (2022) Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier>

Helsedirektoratet(2020) Rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/rehabilitering-habilitering-individuell-plan-og->

[koordinator/malgrupper-og-virkeomrade-for-veilederen/hvem-gjelder-veilederen-for#hvem-gjelder-veilederen-for](#)

Helsedirektoratet (2018, 17. januar). Tverrfaglig samarbeid som grunnleggende metodikk i oppfølging av personer med behov for omfattende tjenester:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/oppfolging-av-personer-med-store-og-sammensatte-behov/strukturert-oppfolging-gjennom-tverrfaglige-team/tverrfaglig-samarbeid-som-grunnleggende-metodikk-i-oppfolging-av-personer-med-behov-for-omfattende-tjenester>

Meld. St. 6. (2019 –2020). Melding til Stortinget. Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SF. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

Regjeringa (2023) Ny og meir tidsriktig barnevernslov trer i kraft 1. januar 2023

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-og-meir-tidsriktig-barnevernslov-trer-i-kraft-1.-januar-2023/id2935286/>

Bufdir (2022). Barnevernsreformen - en oppvekstreform: <https://ny.bufdir.no/barnevernsreformen/>

Helsedirektoratet. (2010, 23. mars) Beskyttelsesfaktorer: <https://www.forebygging.no/Ordbok/A-E/Beskyttelsesfaktorer/>

Helsedirektoratet. (2019, 3. desember) Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge:

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge>

KS (2019, 27. mai). Tverrfaglig samarbeidsstruktur: <https://www.ks.no/fagomrader/barn-og-unge/grunnskole-og-sfo/ppt-og-systemrettet-arbeid/tverrfaglig-samarbeidsstruktur/>

Utdanningsdirektoratet (2022, 5. oktober). Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis. <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>